



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		4868/2010/	Åse Ellen Bergdal Slattem, 71 25 88	01.02.2010

8.Mars 2010

Kjære medarbeidarar i alle kommunar!

Førebuingar til markering av Kvinnedagen 8. mars er nok i gong i mange kommunar, og for desse og alle dei som berre er i tankeboksen enno, sender vi nokre tips som kanskje kan gjere arbeidet lettare. Likestillingsutvalet ser det som svært viktig at kommunane har fokus på denne dagen.

Vi reknar med kommunane som gode medspelarar i kampen for å kome opp frå nedste sjiktet på likestillingsindeksen, men plasseringa der er ikkje hovudsaka. Det viktigaste er signaleffekten til unge, moderne kvinner. Skal vi klare å få dei til å bli eller flytte heim til fylket vårt, må vi ta oppgåva med likestilling på alvor.

Utan jentene er ikkje samfunn liv laga i lengda, så enkelt er det!

Men no kan vi saman sette likestilling i fokus på kvinnedagen; fridom og like mogelegheiter for kvinner utan omsyn til alder, etnisitet og funksjonsgrad. Såleis er vi med på å skape eit positivt omdøme av kommunane og fylket; eit trekkplaster mot vest!

Kreativiteten i kommunane er stor, og i tillegg får de her nokre idear som vi vonar kan sparke planlegginga i gong.

LUKKE TIL!

TIPS:

1. samarbeidspartnarar, eller send utfordring til:

Kommunen sitt kulturutval, kultursekretær/ konsulent, Lokalavisa, Frivilligsentral, God Helse, idrettslag, husflidslag, Røde Kors, bygdekvinnelag, skulane, revygrupper, kvinnegrupper i politiske parti, kvinner i formannskap/kommunestyre, asylmottak, ungdomsklubbar, sokneråd, filmstyre, kulturskule, historielag og elles alle frivillige organisasjonar, Likestillingsutvalet stiller så langt det er mogeleg.

2. Forslag til aktivitetar

Basar/tombola til Haiti, kvinneprosjekt i u-land eller krisesenter her i fylket.

Utstilling evt. sal av eigenproduserte produkt (husflid, kunst, mat, osv)

Konkurransar i skule, lokalavis med fokus på kvinner, kvinnehistorie osv.

Utstilling av gamle og nye fotos, bøker, måleri.

Kyrkja: Gudsteneste i gamal stil med kvinne – og mannsside i kyrkja. (Kan også verei bedehus) og passende tema kan gjerne vere: Jesus og kvinnene, Paulus og hans kvinnesyn sett i lys av nesten 200 års utvikling.

Tur eller trimløype : til fots, på ski, spark, kjelke. Gjerne med startkontingent til hjelp i krisesenter eller kvinneprosjekt

Off. arrangement ettermiddag eller kveld: (forslag til tema) : Kvinnelege poetar, diktarar, komponistar, kvinner i politikken, lokale kvinnelagnader, utfordringar for kvinnene i lokalsamfunnet i dag, tidsklemma i alle aldrar, medsøstre i andre land, innvandrar kvinner presenterer song og dans, norske det same, allsong, musikk eller song av jenter eller kvinner, revyinnslag, sketsjar, mat, film

Diskusjonstreff: på kafe, samfunnshus , frivilligsentral osv, men med kaffi! A.

Valdtektsoverfalla aukar, kvifor, kva kan gjerast, eige ansvar? osv B:Reell likestilling i Noreg? C. Kystkvinnene , sterke og sjølstendige, men fylket vårt scorar svært dårleg på likestillingbarmeteret. Kva har hendt? Kva kan gjerast? D:

Ønskeliste: Slik ønsker vi å utvikle vår kommune! ---lokale utfordringar E:

Innvandrar kvinner, mogelegheiter, hindringar, integrering . F: Universell utforming

G: Likestilling i idretten? Treningsforhold/ tilbod i kommunen? Film blir vist og

deretter diskutert. H: Lønn og kjønn F: Turnus- skift, same arbeidstilhøve, ulik løn.

G:Kvinnehumor

Med helsing

Reidun Klock Tjervåg
Leiar i likestillingsutvalet i
Møre og Romsdal